



Fornyings- og Administrasjonsdepartementet,
Postboks 8004 Dep,
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
2007003381-2/SAN

Bergen, 20. august 2007


Høring, referansekatalog over tilrådte og obligatoriske IKT-standandar for offentlig verksemd.


Syner til førespurnad om uttale om forslag til IKT-standandar.

IT-strategien som er vedteke for Hordaland fylkeskommune set krav om bruk av opne standandar når dette er mogeleg, samstundes vi legg vekt på å ha ein hensiktsmessig og kostnadseffektiv IT-arkitektur. Hordaland fylkeskommune vil derfor gi støtte til innføring av IKT-standandar for offentlig verksemd. Det er også naturleg for oss å gje støtte til forslaget i høringa om teiknsett- og dokumentformat for vår offentlege vev-side.

Vi føreset at prosessen med å gjere eit redigerbart format til obligatoriske standard no, berre gjeld format ved utlegging av informasjon på vev-sider, og at dette ikkje er ei prioritering dersom vi får fleire opne dokumentstandandar. Hordaland fylkeskommune ser det samstundes som avgjerande at informasjon som vi ønskjer å formidle, vert gjort best mogeleg tilgjengeleg for våre målgrupper. Vi ser det derfor som positivt at dokument kan vere tilgjengeleg på fleire format.

Vi har vurdert ulike tiltak, for å tilfredsstille forslaget i høyringsnotatet, men det har ikkje vore mogeleg å avklare alle økonomiske og administrative konsekvensar på den tid vi har hatt til rådvelde. Særleg gjeld dette konsekvensar vedk. endring av teiknsett i kommunikasjon med eksterne partnar.


Gerd Ingunn Opdal
Organisasjonsdirektør


Svein Åge Nottveit
IT-sjef